



Knarvik 08.04.2020

Vedtak om moglegheit for å arbeide i karantenetida for sesongarbeidarar i landbruket i Alver kommune.

GENERELL INFORMASJON - BAKGRUNN

Rekruttering av arbeidskraft

Det er per i dag stor arbeidsløyse pga koronautbrotet, og Regjeringa ynskjer primært å løyse arbeidskraftsbehovet i landbruket ved hjelp av innanlandsk arbeidskraft.

NAV har samla informasjon om formidling av arbeidskraft på www.arbeidsplassen.no.

Det finns òg private initiativ for formidling av arbeidskraft i landbruket:

<https://www.bordtiljord.no/>

<http://www.landbrukstjenester.no/>

Kombinere dagpengar og sesongarbeid

Regjeringa har 1. april innført ei ordning på dette området.

<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/mer-gunstig-a-kombinere-dagpenger-og-sesongarbeid-i-landbruket/id2696023/>

Innreise til Noreg og arbeidsløyve for utanlandske sesongarbeidarar i landbruket

Regjeringa har måndag 30. mars opna grensene for sesongarbeidarar frå EØS-land som skal jobbe i landbruk, gartneri, skogbruk og matindustri.

UDI har samla informasjon som spørsmål og svar på sine nettsider. Vi gjer merksam på at nasjonale regelverk fort kan endrast, og det er viktig å halde seg oppdatert på gjeldande føringar og reglar.

<https://www.udi.no/om-koronasituasjonen/eu-eos-borgere/#link-18066>

Isolasjon og ulike karantener og krav Her finn ein lenkjer til informasjon om koronavirus, isolasjon og karantene på ulike språk: <https://www.fhi.no/sv/smittsomme-sykdommer/corona/sprak/>

Sjukdoms- og kontaktkarantene

Sjuka skal isolerast (§11, Covid-19-forskrifta). Karanteneplikt etter kontakt med ein som har fått stadfesta smitte er regulert av §8 og §9



Ankomstkarantene

Personar som kjem til Noreg frå utlandet skal som ein hovudregel opphalde seg i ankomstkarantene i 14 dagar etter innreise, jf. §5 i Covid-19-forskrifta.

Sesongarbeidarar som kjem samtidig til ein verksemd, og skal dele bustad, er å rekne som ein husstand.

Personar som kjem til ulik tid, vil vere i ulike fasar av karantenetida, og dei skal derfor ikkje ha kontakt med kvarandre.

Den som er i karantene skal halde seg mest mogleg heime og skal som hovudregel ikkje oppsøke offentlege stader, slik som butikkar, apotek og kafear. Du kan gå tur ute, men hald god avstand til andre. Det er viktig å følge med på om du får symptom. Sjå informasjon om testing for korona på Alver kommune sine heimesider: <https://www.alver.kommune.no/innhald/korona/har-du-mistanke-om-smitte/>

VEDTAK OM UTFØRING AV ARBEID I KARANTENETIDA FOR SESONGARBEIDARAR I LANDBRUKET I ALVER KOMMUNE

I Alver kommune kan sesongarbeidarar som held seg til karantenereglane, utføre arbeid knytt til klargjering, planting, såing og liknande i karantenetida.

Dei skal ikkje ha kontakt med andre i karantenetida enn sesongarbeidarar som kom samtidig til same verksemd. I karantenetida kan sesongarbeidaren ikkje ha fleire enn ein arbeidsgjevar.

Ut frå omsynet til smittevern kan sesongarbeidarar frå EØS-land ikkje handtere matvarer, frukt, bær eller landbruksprodukt i karantenetida.

Vedtaket er heimla i smittevernlova.

Terese Folgerø

Kommuneoverlege og smittevernoverlege
Alver kommune